

FIRDA UNGDOMSLAG

i
25 AAR
(1896—1921)

VED
OLA SANDE

Gamle Nordfjord, Gud signe deg!
Mannsemne! her vil du finna
deg ein høveleg framtidsveg
saman med straaløygde kvinna.
Arven de ber paa er fullgod
og fram skal de vinna.
Amund Mork.

UTGJEVAR:
FIRDA UNGDOMSLAG

I KOMMISSION HJAA OLAV EIKENÆS, SANDANE
PRENTA AV RAGNVALD SØREIDE, SANDANE
1922.

Maaløyna ungdomslag.


Skipa 7. okt. 1915.

Stund. filos. Henry Bantz, styraran av den private millomskulen i Maaløy, var det som fekk skipa Maaløyna ungdomslag. Han var ein mann med mange hugnmaal, og var oppglødd for den frilynde ungdomsrørsla. Han tykte det var forgale at den store ungdomshokken i Maaløy ikkje for lenge sidan hadde samla seg i ungdomslag til arbeid for sams hugnmaal. So skreiv han til formannen i fylkeslaget etter lovene og etter opplysning og rettleiding, kalla so saman ungdommen og fekk laget skipa.

Henry Bantz vart vald til formann, og dei andre i styret vart: Thoralf Tomning, Martin Elddevik, frk. Olsen og Johan Gotteberg, kasseslyrar.

I 1920 skipa laget songarlag, og so hev det spellag, som hev arbeidd sidan hausten 1917. Det hev i alt synt fram 10 spelstyrke paa norsk.

I 1920 bygde laget seg eige hus saman med Turn- og idrottslaget. Huset er bygt av stein og er det største og dyraste ungdomshuset i Nordfjord (kostar over 200000 kr.).



Huset aat Maaløyna ungdomslag.


Lagsarbeidet hev fleire gonger vorte meinka av di dei styrande hev reist burt, ofte midt i arbeidsaaret, og so hev nye folk lote teke uppatt arbeidet. Likevel hev laget oftast arbeidd godt, og arbeidet hev ikkje vore til faanytes.

Det er aa vona at Maaløyna ungdomslag maa verta so sterkt og so godt styrt at det kann gjera mykje til aa skapa eit godt norsk kulturgrunnlag for byen som no held paa aa veksa upp kring Ulvesundet.


Desse hev vore formenn i laget:

Henry Bantz, Johan Gotteberg, Rasmus Sundal, Johan Alvsaker, Odvin Sindre, Jakob Straume, J. Falck Andersen, J. M. Tennebø, M. Sæten.

Laget vart innmeldt i Firda ungdomslag 28. jan. 1916.



J. M. Tennebø.



M. Sæten.

Holvik ungdomslag.

Skipa i 1918.

Margit Maurstad fraa Bryggja vart tilsett som lærar i krisen, og ho tok straks til aa arbeida paa aa skipa eit ungdomslag i den vesle bygdi. Ho fekk ungdomslaget skipa, vart formann i laget og tok upp arbeidet for aandelæg og nasjonal vekking. Laget fekk seg ogso handskrive blad, og arbeidet gjekk godt.

So reiste Margit Maurstad fraa bygdi, og Ragnvald Holvik som ogso var med og skipa laget, vart formann. Han er ein evnerik og dugande formann, og lagsarbeidet er i godt gjelenge.

Endaa Holvik ungdomslag er berre 3 aar gammalt, hev det alt sett merke millom ungdommen i bygdi, og det hev vore baade til lærdom og til hugnad.

Laget vart innmeldt i Firda ungdomslag 29. sept. 1918.